



Sakshandsamar: Olav Fykse Tveit

Referansar:
MKR 27/06
KR 18/06
KR 46/06

Saksdokument:

1. Fråsegn frå Lærenemnda "Skriftforståelse og skriftbruk med særlig henblikk på homofilisaken" (*tidl. utsendt*)
2. Vedtak i KM 15/95 "Homofile i kirken", KM 08/97 "Arbeidsrettslige konsekvenser av Kirkemøtets vedtak om homofilt samliv og kirkelig tjeneste" og KM 08/01 "Myndighetsrelasjoner i Den norske kirke" (*vedlagt*)
3. Presentasjon av fråsegna frå Lærenemnda v/ Ulla Schmidt (*vedlagt*)

MKR 40/06

**Fråsegna frå Lærenemnda:
Skriftforståelse og skriftbruk med særlig
henblikk på homofilisaken**

Framlegg til vedtak

Mellomkyrkjeleg råd sender saken vidare til Kyrkjerådet med fylgjande kommentarar:

.....

Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å gjere slikt vedtak:

Kyrkjemøtet tek fråsegna frå Lærenemnda til orientering.

Saksorientering

1. "Homofilisaka" etter fråsegna frå Lærenemnda

Den norske kyrkja si lærenemnd har i januar 2006 offentleggjort si fråsegn i sak reist på generelt grunnlag av Møre biskop: "Skriftforståelse og skriftbruk med særlig henblikk på homofilisaken". Fråsegna gjev premissar for det vidare arbeidet med homofilisaka i Den norske kyrkja.

Uttrykket "homofilisaka" er i det følgjande brukt om debatten (særleg innan Den norske kyrkja) om den moralske vurderinga av ordna, homofilt samliv eller "homofilt partnerskap". I kyrkja har det særleg vore diskutert i forhold til kyrkjeleg velsigning eller forbøn ved inngåing av homofilt partnerskap, samt om personar som har inngått homofilt partnerskap kan vigslast til teneste eller ha stillingar i Den norske kyrkja som krev vigsling.

Dette er fyrste gong at Lærenemnda har uttalt seg om eit generelt lærespørsmål, ikkje berre om eit lærespørsmål i samband med ei personalsak. Fråsegna er sendt Møre biskop som reiste saka, men er gjort offentleg kjend. Lærenemnda gjev rettleiing gjennom si fråsegn, men fattar ikkje sjølv vedtak av kyrkjerettsleg eller administrativ karakter. Det er opp til andre kyrkjelege organ å drøfte ut frå sine respektive mandat. Når ei sak er handsama på generelt grunnlag, er det desto meir ope kva konsekvensar fråsegna skal få og kven som skal trekkje eventuelle konsekvensar av fråsegna.

Kyrkjemøtet har vald å sende Lærenemnda si fråsegn til orientering til Kyrkjemøtet 2006, ut frå Kyrkjemøtet sitt generelle og overordna mandat og den interesse og status saka har fått.

Lærenemnda gjev etter forskriftene vurderingar "i saker som gjelder den evangelisk-lutherske lære", men berre når det gjeld "særlig tungtveiende spørsmål der det aktuelle læretema er av alvorlig og vidtrekkende karakter." (Forskrifter om Den norske kirkes lærenemnd, fastsatt ved kongelig resolusjon 19. februar 1988, §1 og §7, 2. ledd). Det er gjort greie for i fråsegna kvifor Møre biskop fant at denne saka er så tungtvegande at det kunne vere ei sak for handsaming i Lærenemnda (1.2) og kvifor Lærenemnda vedtok å gjere det (1.3): "...Lærenemnda har lagt vekt på at forståelsen og bruken av Skriften er "et særlig tungtveiende lærespørsmål" i en evangelisk-luthersk kirke. [...] Ettersom Skriften tolkes forskjellig i spørsmålet om homofilt samliv, fant nemnda at det er grunn til å realitetsbehandle dette lærepunktet."

På ulike måtar kjem det fram i Lærenemnda si fråsegn at homofilisaka ikkje er vurdert som eit så tungtvegande lærespørsmål isolert sett berre fordi det er usemje om tolking og bruk av Skrifta, og prinsippa for dette. Fråsegna viser at det handlar om ulike grunngeivne overtendingar i eit vanskeleg moralspørsmål. Lærenemnda nemner fleire prinsipielle spørsmål. Det gjeld mellom anna om det skal gjerast vesentlege endringar i kyrkjeleg rettleiing om familie og samliv, og om kyrkja sitt ansvar for å inkludere alle og ikkje stigmatisere eller bidra til diskriminering av einskilde eller grupper av menneske. Det handlar om forståing av skapinga, om ny erkjenning, om endringar i kulturen og om samlivsetikk generelt.

Fordi det handlar om vesentlege spørsmål og om ulik overtyding, er homofilisaka ei utfordring for samhald og einskap i Den norske kyrkja og i det vidare økumeniske fellesskapet. Eitt spørsmål som til dels kjem fram i Lærenemnda si fråsegn, er korleis dei som målber dei respektive konklusjonane vurderer og omtalar dei som trekkjer andre konklusjonar og kva forhold ein har til kvarandre.

I all drøfting av homofilisaka er det vesentleg å understreke at for dei denne saka gjeld aller mest, er dette ikkje berre ei "sak", men handlar direkte om deira eige liv. Dette er menneske som er ein del av kyrkja sin fellesskap, menneske som ønskjer å få eller som har arbeid i kyrkja, og menneske som på ulike måtar legg vekt på dei signala kyrkja sender ut. Saka gjeld difor primært homofile menneske og svært djupe og personlege sider ved deira liv og identitet. Dei vert særleg berørt av denne debatten, og mange har opplevd debattane i kyrkja som svært belastande. Det kan vere så uavhengig av kva konklusjon dei har kome til for sin eigen del i dei omstridde spørsmåla om homofilt samliv. Saka påverkar også deira næraste, eventuelle partnarar, samt vener og familie.

Debatten har engasjert mange menneske som har sterke synspunkt i saka, eller som i kraft av sine oppgåver er vorte sterkt involvert i debatten om desse spørsmåla, og som opplever denne saka som ein prøvestein på deira eigen plass i kyrkja eller forhold til kyrkja.

Slik har homofilisaka status som ei vesentleg sak i kyrkja, i den opne debatt i ulike fora, i formell sakshandsaming og i det daglege livet for medlemmene i kyrkja. På den andre sida er det frå fleire hald peikt på at saka kan få for stor plass og for mykje vekt. Det kan verte vanskelegare å finne gode løysingar og verke meir belastande om saka får for store proporsjonar. Det kan i seg sjølv bidra til stigmatisering, sjølv om det er godt meint, og det kan gje eit skeivt bilete av kva som er kyrkja sin basis og hovudoppgåve.

Homofilisaka er eit moralsk spørsmål og bør handsamast grundig som det. Det ligg ikkje minst til overordna, styrande organ å vurdere korleis kyrkja som institusjon og fellesskap skal opptre ansvarleg i møte med menneske som dette spørsmålet gjeld direkte. Det er fleire sider ved mandatet for Kyrkjemøtet som gjer det naturleg at Kyrkjemøtet drøftar situasjonen etter at Lærenemnda presenterte si fråsegn.

2. Fråsegna frå Lærenemnda og Kyrkjemøtet sitt mandat

2.1 Kyrkjemøtet sitt ansvar for saker av "felles kirkelig karakter"

Kyrkjemøtet "skal ha sin oppmerksomhet henvendt på saker av felles kirkelig karakter" (Kyrkjelova §24). Fordi Lærenemnda har tatt opp saka og gjeve ho ei svært omfattande behandling, er at fråsegna og drøftinga av den i seg sjølv ei sak av felles kyrkjeleg karakter.

Lærenemnda si fråsegn er gjort ferdig og avlevert, og korkje Lærenemnda eller andre instansar i kyrkja kan forandre den eller å be om at den vert forandra. Kyrkjemøtet må ta til etterretning dei vurderingane Lærenemnda har gjort, både

der nemnda er samla og der medlemene i Lærenemnda har ulike vurderingar. Kyrkjemøtet på si side vurderer på sjølvstendig grunnlag Lærenemnda sitt arbeid og fråsegn, og fører debatten og samtalen vidare etter som ein finn det tenleg.

Korleis det generelle mandatet for Kyrkjemøtet er å forstå, har vore drøfta spesielt i utgreiinga *Myndighetsrelasjoner i Den norske kirke. Utredning fra en arbeidsgruppe oppnevnt av Kirkerådet*, Oslo 2001. Denne fråsegna er mellom anna å forstå som ei drøfting av korleis biskopar, bispedømmeråd og andre er forplikta på dei vedtaka Kyrkjemøtet gjorde i homofilisaka i 1997. Utgreiinga utviklar omgrepet "retningslinjemyndighet" og klårgjer lojalitetsplikt i vid forstand, noko Kyrkjemøtet (KM 8/01) framheva som viktig. Kyrkjemøtet som øvste organ kan gje uttrykk for eller gjere vedtak som skal vere gjeldande rettleiing for heile kyrkja, så som i prinsippvedtak og i plandokument, men det krev eit godt samvirke mellom ulike organ i saksførebuing og i oppfølging av sakene. Slike vedtak er då gjeldande som retningslinjer i Den norske kyrkja, sjølv om det er andre organ som har ansvar for ulike konkrete vedtak (så som gjennomføring av planar, tilsetjingar m.m.).

Kyrkjemøtet framheva i sitt vedtak (KM 8/01) at "samvirket ikke utelukkende kan bygges på regler, men at en er avhengig av ansvarlige aktører med vilje til samarbeid og respekt for ulikheter og uenighet." Utgreiinga tek opp at Kyrkjemøtet ikkje kan juridisk binde andre organ i kyrkja i utøvinga av sine lov- og reglementbestemte oppgåver, ut over det som er bestemt om Kyrkjemøtet i lov, forordning eller delegasjon. Dette vart også understreka i ein protokolltilførsel i Kyrkjemøtet. Der Kyrkjemøtet har gjeve "retningslinjer" som har eit visst overordna preg, vert det i utgreiinga peikt på at dei ikkje bør setjast til side utan at ein gjer greie for grunnane til det.

Eitt vesentleg spørsmål for Kyrkjemøtet vil vere om og eventuelt korleis Kyrkjemøtet skal utøve dette ansvaret for retningslinjer i kyrkja i visse sider ved homofilisaka, der det er ulike organ som har ulike lovbestemte oppgåver, og det er ulike vurderingar og noko ulik praksis i desse organa.

2.2. Kyrkjemøtet og fastsetjing av liturgiar

Kyrkjemøtet har fått delegert frå Kongen (jf. Grunnlova § 16) visse oppgåver, og i Kgl.res. av 26. oktober 1990 heiter det at "Kirkemøtet bemyndiges til å fastsette liturgier til bruk i Den norske kirke". Det er vedtekne eit eige regelverk av Kyrkjemøtet i 2004 for korleis dette ansvaret skal gjennomførast i praksis. Det er lagt vekt på at sakshandsaminga sikrar brei støtte til omfattande endringar i liturgane før det vert lagt fram for KM, og at på visse premissar kan forsøksliturgiar utprøvast lokalt etter avtale med biskopen. Felles liturgiar er uttrykk for kva kyrkja lærer, og det er difor vesentleg at det er ein tilstrekkeleg stor grad av konsensus før det vert fatta vedtak om kva liturgiar som skal gjelde for heile kyrkja.

Vedtaket i 1995 KM 15/95 pkt. 2 om at "Kirkemøtet finner heller ikke grunnlag for å foreslå utarbeidet en særskilt liturgisk ordning for en kirkelig forbønnshandling for personer som lever i homofilt samliv" viser til den

læremessige vurderinga i pkt. 1 i same sak. Der talar ein om mangel på "tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner". Dette punktet er det naturleg å vurdere i lys av dei konklusjonane som er gjeve i fråsegna frå Lærenemnda. Det er i vedtaket frå KM 1995 indirekte peika på behovet for konsensus når det gjeld det som skal vedtakast som felles liturgiske ordningar, ettersom Bispemøtet på si side (i pkt.4) er bede om å vidareføre arbeid med sjelesørgeriske utfordringar knytt mellom anna til "spørsmålet om bønn for homofile par utenfor rammen av en liturgisk ordning".

2.3. Kyrkjemøtet og samarbeid i kyrkja

I følgje Kyrkjelova §24 skal Kyrkjemøtet "fremme samarbeidet innen Den norske kirke". Fordi Lærenemnda er så godt som delt på midten i si vurdering av korleis det bibelske normgrunnlaget skal forståast og brukast med tanke på homofilisaka, er det naturleg at Kyrkjemøtet særleg drøftar korleis det skal ivareta dette ansvaret i den aktuelle situasjonen.

Det er vesentleg at Kyrkjemøtet bidrar til at samtalen om desse spørsmåla vert open, respektfull, ansvarleg og grundig. I ei vanskeleg sak som denne er det meir bruk for at ein snakkar med kvarandre enn om kvarandre, og å spørje etter kva som kan vere aktverdige og gode intensjonar og grunnar hjå dei som har kome fram til ein annan konklusjon enn ein sjølv.

Dette er den andre fråsegna frå Lærenemnda sitt arbeid etter at ho vart etablert. Den fyrste var *TUNSBERGSAKEN*, Oslo 2000. Den gongen drøfta også Lærenemnda homofilisaka, som eit aspekt ved ei personalsak. Det gjaldt den gongen om ein prost kan bruke usemje i homofilisaka som argument for å bryte det kyrkjelege fellesskapet om Ord og sakrament mellom biskop og prost, og likevel halde fram i stillingen og samarbeid i kyrkja. Då var det eit stort fleirtal i Lærenemnda som meinte at det kunne ein ikkje.

Lærenemnda drøfta den gongen homofilisaka særleg med tanke på kyrkjeleg einskap, fellesskap og samarbeid når ein er usamde i denne saka. Konklusjonen då var at usemje i denne saka problematiserer ikkje grunnlaget for einskap i kyrkja, og som er gjeve i evangeliet. Slik usemje må difor heller ikkje nødvendigvis føre til at samarbeidet må brytast og at det kyrkjelege fellesskapet vert splitta.

Lærenemnda har også i fråsegna frå 2006 ei eiga drøfting (kapittel 3.9) av desse sidene ved homofilisaka. Der drøftar ein implikasjonane av at nemnda er delt på midten i vurderingar av det som er klassifisert som eit vesentleg spørsmål ved den evangelisk-lutherske læra. Med unntak av eitt medlem seier nemnda samla at "selv om det er uenighet i nemnda om hvordan Skriften skal forstås når det gjelder kirkens lære og forkynnelse i spørsmålet om homofilt samliv, er dette ikke en uenighet om forkynnelsen av lov og evangelium som nødvendigvis behøver å føre til kirkesplittelse. Det er en uenighet som gjør det vanskelig, men ikke umulig å stå sammen om Skriften som det troverdige og forpliktende vitnesbyrd om Guds vilje og evangeliet i Kristus" (s. 124). 10 medlemmer i nemnda har ein merknad der dei problematiserer denne vurderinga (s. 125).

Utfordringane som ligg i at det er ulike vurderingar av hovudspørsmålet i homofilisaka har vore der lenge, men fråsegna frå Lærenemnda gjer utfordringa enno tydelegare enn før. Kyrkjemøtet står overfor ei krevjande oppgåve når ein skal finne ut korleis ein skal bruke denne delte fråsegna som premiss for handsaming av homofilisaka vidare. Ein kan ikkje sjå bort frå nokon av dei to hovudlinjene i vurderingane frå Lærenemnda. Begge har status som del av ei ansvarleg lærevurdering i kyrkja, og begge vurderingar legg til grunn at Bibelen er norm for kyrkja si lære og forkynning.

Homofilisaka som utfordring til samhald i kyrkja har fleire dimensjonar. For det fyrste er det generelt ei utfordring for alle fellesskap om det er store brytningar om moralspørsmål. Særleg om usemja får konsekvensar for praksis i det aktuelle fellesskapet. Moralsk overtyding er ikkje lettvinne meiningar. Det bør vere overtydingar som ikkje utan vidare vert endra, og ingen bør pressast til å gå mot sitt eige samvet. Like fullt har det synt seg at også i kyrkja er det mogeleg og stundom nødvendig å finne nye vegar og nye felles oppfatningar av moralske og andre læremessige spørsmål ut frå ny kunnskap og nye perspektiv.

For det andre er homofilisaka knytt til vurdering av kyrkja sitt normgrunnlag i Bibelen og forvaltninga av dette i møte med menneske og aktuelle utfordringar. Det vert vist til teologiske premissar som har relativt stor tyngde. Dette er presentert i Lærenemnda si fråsegn. Samstundes er det eit kall til kyrkja i Bibelen å vere éitt, og som alle deler, men som biskopane og Kyrkjemøtet har fått særleg ansvar for i den norske kyrkja. I vedkjenningskriftet Confessio Augustana, artikkel 7 vert det understreka at ein ikkje må vere samde om alt i kyrkja, men om det som konstituerer kyrkja: Evangeliet og sakramenta. (sitat)

For det tredje har homofilisaka ein del organisatoriske sider som dels heng saman med det primære spørsmålet om homofilt partnerskap (forbøn for homofile par, vigsling til teneste m.m.), men også sider som gjeld strategi og tiltak for samhald i kyrkja. Kor mykje ulike partar skal gje kvarandre rom for å la sine ulike syn gjerast gjeldande i praksis, krev eigne vurderingar. Her vil det vere spørsmål både om vilje og evne til å finne løysingar som ein kan leve saman med. Homofilisaka er vorte samanlikna med mange andre omstridte saker i Den norske kyrkja og i den økumeniske fellesskapen som vi er ein del av. Nokre av samanlikningane er meir nærliggjande enn andre. De er noko å lære av korleis andre stridsspørsmål er vorte handsama i praksis, korleis prosessane har gått og kva ein kunne ynskje å gjere likt eller annleis i denne saka. Både i spørsmålet om kvinner si presteneste og i spørsmålet om skilsmål og gjengifte har det vore teke ulike organisatoriske grep for å leve med usemje.

Eitt ikkje uvesentleg fjerde aspekt er kva ein kan lære av andre kyrkjer si haldning til og handsaming av denne saka, og av økumenisk arbeid med tanke på denne saka.

Det er grunn til å sjå på korleis vurderingar i den same tematikken vert utvikla og utforma i andre kyrkjer, ikkje minst dei som lever i same kulturelle kontekst som oss og dei som ein har eit spesielt forpliktande forhold til gjennom avtalar og liknande. Dinest er det vesentleg å spørje kva den økumeniske arbeidsforma og

tenkinga kan lære oss om å leve med og handtere spenning og ulikskap i eit kyrkjeleg fellesskap. Vidare må det spørjast korleis ulike konklusjonar i homofilisaka i Den norske kyrkja vil påverke relasjonane til andre kyrkjer i Noreg og i utlandet.

Det er ikkje berre Den norske kyrkja som diskuterer homofilt partnerskap. Den norske kyrkja står i ulike relasjonar til andre kyrkjer som gjer det både naturleg og riktig å delta i ein open og seriøs samtale med dei om så viktige spørsmål som dette. Likevel er det ikkje andre kyrkjer som skal diktere kva Den norske kyrkja kan eller ikkje kan stå for i denne saka, og ein skal heller ikkje delta i noko økumenisk avstemning om eit slikt spørsmål.

Homofilisaka har fått meir og meir merksemd i europeiske og amerikanske kyrkjer, etter kvart i kyrkjer i Afrika, Asia og Latin-Amerika, og kjem inn i ulike felles drøftingar i verdsvide kyrkjelege fellesskap (som Det lutherske verdsforbund) og internasjonale organisasjonar som Kirkenes Verdensråd. Nokre kyrkjer i den vestlege kulturkrinsen har på ulikt vis gjeve rom for at homofilt samlevande kan ha ulike stillingar i kyrkja. Nokre få kyrkjer, særleg kjend her er Svenska kyrkan, har vedteke retten til forbøn for inngått homofilt partnerskap. Ein god del kyrkjer har ikkje teke homofile sin plass i kyrkja opp til seriøs drøfting. Ein del kyrkjer har offisielle standpunkt om at det ikkje er anna enn ekteskap mellom mann og kvinne som er ramme for seksuelt samliv, og nokre få har uttrykt at det er nødvendig for det økumeniske samarbeidet å vere samd i denne saka. I svært mange tilfelle går diskusjonane like mykje på tvers i kyrkjene som mellom ulike kyrkjer.

3. Tidlegare vedtak i lys av fråsegna frå Lærenemnda

Det er naturleg at Kyrkjemøtet drøftar korleis dei vedtaka som Kyrkjemøtet tidlegare (1995 og 1997) har gjort i homofilisaka er å forstå i lys av Lærenemnda si fråsegn. I *KM sak 15/95 Homofile i kirken* vart det gjort vedtak med 58 stemmer som direkte viser til ei vurdering av dei læremessige sidene ved homofilisaka:

- ”1. Kirkemøtet finner ikke at det er gitt tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner for at Den norske kirke kan endre sin nåværende praksis med hensyn til tilsetting av personer som lever i homofilt samliv.
2. Kirkemøtet finner heller ikke grunnlag for å foreslå utarbeidet en særskilt liturgisk ordning for en kirkelig forbønnshandling for personer som lever i homofilt samliv.” (Pkt. 1)

Vedtaket held så fram med eit punkt om lojalitet mot dette vedtaket frå biskopar og tilsettingsorgan i kyrkja, og fleire punkt om vidare oppfølging av saka med tanke på arbeidrettslege forhold, om den vidare samtale i kyrkja og korleis kyrkja skal arbeide med dei sjelesørgeriske utfordringane i denne saka. To forslag om utsetjing av konklusjonar om dei teologiske vurderingane til 1997, fall.

I KM sak 8/97 Arbeidsrettslige konsekvenser av Kirkemøtes vedtak om homofilt samliv og kirkelig tjeneste stadfedsta Kyrkjemøtet (med direkte sitat) punkt 1 i

vedtaket frå 1995 om dei læremessige premissane for saka. Denne gongen samrøystes, og ein viste til at Bispemøtet hadde sagt at dette var "...å forstå som Kirkens offisielle syn, i den forstand at det legges til grunn for kirkens felles ordninger". Det vart samrøystes (pkt 2) erkjent at "det er ulike syn i Kirken på dette spørsmålet, og ber om at det blir utvist respekt for meningsforskjeller." Elles vedtok Kyrkjemøtet (pkt 3) samrøystes at "Kirkemøtet finner at personer som lever i homofilt samliv ikke kan ha kirkelig teneste som vigslet prest, diakon eller kateket." Mot ei røyst vedtok KM at biskopane vart bedne om å leggje dette til grunn for sin embetsutøvelsene og forvaltningsorgana for sin tilsetjingspraksis (pkt 4). Det vart (pkt 5) gjort ein annan type vedtak ("anbefaler") når det gjaldt stillingar som ikkje krev ordinasjon eller vigsling (mot 8 stemmer). Det vart også legitimert at vurderingar i tilsetjingssaker kan variere ut frå lokale forhold og ulike vurderingar av kva som krevst for samhald og einskap og kva tillit som krevst i ulike stillingar. Retningslinjene er såleis utforma med ei viss differensiering.

Sidan det er gjeve retningslinjer frå Kyrkjemøtet om vigsling og tilsetjingar med tanke på homofilt samlevande, og retningslinjene viser til læremessige vurderingar som no er gjennomgått på nytt av Lærenemnda, vil det vere naturleg at Kyrkjemøtet drøftar korleis ein no skal gje retningslinjer for Den norske kyrkja i desse spørsmåla. I begge vedtaka (1995 og 1997) om vigsling og tilsetjing er formuleringane valde med tanke på at det er andre kyrkjelege organ enn Kyrkjemøtet som etter kyrkelova og gjeldande forordningar har direkte ansvar for vigsling og tilsetjing i kyrkjelege stillingar.

Det ligg i Kyrkjemøtet sin retningslinjemyndighet å vurdere i kva grad det er nødvendig eller ønskjeleg at Den norske kyrkja har ein felles praksis i homofilisaka med tanke på vigsling og tilsetjing. I spørsmålet om å vedta ein eventuell felles liturgi for forbønn for homofile par, har Kyrkjemøtet alt ansvar.

Til vurderingane av om Kyrkjemøtet skal gjere eller oppretthalde vedtak om lik praksis med omsyn til vigsling og tilsetjing av homofilt samlevande, høyrer ei vurdering av kor mykje Kyrkjemøtet skal leggje av føringar på avgjerder som ligg til biskopane og ulike tilsetjingsorgan i kyrkja. Konsekvensane av dei ulike grep ein tar i så måte bør drøftast grundig, enten det er å gjere nye vedtak i denne saka eller det er å ikkje gjere det. Det gjeld ikkje minst korleis Kyrkjemøtet skal ha autoritet som felles retningslinjemyndighet for kyrkja, og på kva nivå trykket i usemja i denne saka skal handterast.

4. Det vidare arbeidet med homofilisaka

Det er utarbeidd ein presentasjon av Lærenemnda si fråsegn, og ein har oppmoda til samtale og arbeid med desse spørsmåla i ulike samanhengar. Det bør halde fram. Det kan synast som om den største interessa no likevel er knytt til kva andre kyrkjelege organ som Kyrkjemøtet, Bispemøtet og dei einskilde biskopane vil gjere i forlenginga av denne fråsegna, meir enn berre sjølve fråsegna sitt innhald.

Homofilisaka er ikkje ei ny sak i Den norske kyrkja, men har vore gjenstand for diskusjon lenge (j. f. kapittel 2 og oversikta i vedlegget til Lærenemnda si fråsegn, s. 140-189). Det er Kyrkjemøtet si oppgåve å bidra til ei avklaring bygd på

forsvarleg handsaming av dei sider ved homofilisaka KM har ansvar for. Men det er også KM si oppgåve å vurdere omkostningane ved å la denne saka trekkje langt ut i tid.

Fråsegna frå Lærenemnda har vekt ein viss debatt og ein del reaksjonar. Det er kome fram uttrykk for at ein er utålmodige og vil at Kyrkjemøtet straks opphevar vedtaka frå 1995 og 1997, sidan Lærenemnda tydeleggjer at ein del biskopar og andre meiner det er teologisk grunnlag for fleire konklusjonar enn dei som vart trekte i 1997. Andre åtvarar mot å gjere vesentleg nye Kyrkjemøtevedtak som markerer at Den norske kyrkja opnar for generell aksept av homofilt partnerskap, fordi det vil kunne føre til spenning og eventuelt splitting i kyrkja og større avstand til andre kyrkjer.

Uansett vil det vere viktig for alle partar at Den norske kyrkja sine organ no tek den tida ein treng for å finne ein felles veg vidare i arbeidet med denne saka, og ikkje gjer nye vedtak som kan synast forhasta.

Kyrkjerådet legg saka fram for Kyrkjemøtet *til orientering* i 2006. Kyrkjerådet har vurdert det som viktig at det er ein brei, open og grundig samtale i kyrkja om desse spørsmåla etter at fråsegna frå Lærenemnda vart lagt fram, og før Kyrkjerådet fremjar eventuelle nye vedtaksforslag. Kyrkjerådet vil arbeide med saka i lys av den samtalen ein har på Kyrkjemøtet 2006, og vil leggje fram saka på nytt i Kyrkjemøtet 2007.

KM 15/95 Homofile i kirken

KIRKEMØTETS VEDTAK:

1. Kirkemøtet finner ikke at det er gitt tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner for at Den norske kirke kan endre sin nåværende praksis med hensyn til tilsetting av personer som lever i homofilt samliv.
2. Kirkemøtet finner heller ikke grunnlag for å foreslå utarbeidet en særskilt liturgisk ordning for en kirkelig forbønnshandling for personer som lever i homofilt samliv.
3. Kirkemøtet forutsetter at kirkelige tilsettingsorganer og biskopene i sin embetsutøvelse innretter sin praksis i tråd med dette.
4. Kirkemøtet ser behov for et videre arbeid for å avklare særlig følgende spørsmål som er blitt aktualisert i denne saken:
 - Det er nødvendig at Bispemøtet viderefører arbeidet med de sjelesørgeriske utfordringer kirken står overfor i møte med homofile, inkludering i menighetens nattverdfellesskap av personer som lever i homofilt samliv og spørsmålet om bønn for homofile par utenfor rammen av en liturgisk ordning.
 - Kirkemøtet anmoder Kirkerådet og Bispemøtet om å ta del i den videre kirkelige refleksjon og samtale omkring forståelsen av kirkens enhet og troens fundamentar på bakgrunn av den aktuelle debatt og kirkelige situasjon.
 - Kirkemøtet ber Kirkerådet om å igangsette arbeidet med å utrede de arbeidsrettslige sider som saken reiser. Kirkerådet bes også - i kontakt med Bispemøtet - om å avklare nærmere hvilke stillinger, oppgaver og verv som kan tenkes omfattet av Bispemøtets uttalelse. Kirkemøtet ber om å få disse spørsmål tilbake til behandling på Kirkemøtet 1997.
5. Kirkemøtet anbefaler at kirken i sitt møte med mennesker og ut fra sitt grunnlag i Skrift og bekjennelse, fortsetter å arbeide med de teologiske og etiske utfordringer som knytter seg til homofili og homofilt samliv.
6. Kirkemøtet ber bispedømmerådene og Kirkerådet om å legge til rette for en samtale- og refleksjonsprosess i menighetene omkring disse spørsmål.

KM 08/01 Myndighetsrelasjon i Den norske kirke

KIRKEMØTETS VEDTAK:

1. Kirkemøtet tar utredningen "Myndighetsrelasjoner i Den norske kirke" til etterretning. Kirkemøtet slutter seg i hovedsak til utredningens framstilling av gjeldende rett og utredningens vurderinger og anbefalinger. Kirkemøtet vil understreke at denne konkrete saken er en del av en større prosess. Mange av innspillene som er framkommet i høringsrunden og i Kirkemøtets behandling er viktige innspill i debatten videre, blant annet må det skje en nødvendig avklaring av hvordan en kan ivareta mindretall i kirkelige organer som opplever å være i en samvittighetskonflikt i en sak med læremessige implikasjoner. Det medlem av et kirkelig organ som av hensyn til sin samvittighetsforpliktelse på Den Hellige Skrift (respektive "den evangelisk lutherske lære", jfr. kl §28) ikke finner å kunne slutte seg til flertallet i det aktuelle organ, forutsettes – så langt som mulig – å grunnegi sin dissens gjennom et protokollat i møtet. Dette bør skje på et tidlig stadium i en prosess, og gis om nødvendig en helhetskirkelig behandling.
2. Kirkemøtet mener at gjennomgangen av dagens kirkeordning er klargjørende og gir grunnlag for at det grunnleggende kravet til samvirke som både påhviler organer som har vedtaksmyndighet og organer som vedtak retter seg mot, kan fungere på en bedre måte i praksis. Kirkemøtet vil særlig trekke fram utredningens framstilling av retningslinjemyndighet og klargjøringen av lojalitetsplikter i vid forstand som viktige i denne sammenhengen. Dersom denne samvirkeprosessen skal fungere godt, er det viktig å legge til rette for åpne og ryddige prosesser både i forhold til saksforberedelsen før vedtak skal treffes, ved selve beslutningen og i etterkant av den. Kirkemøtet vil også framheve at dette samvirket ikke utelukkende kan bygges på regler, men at en er avhengig av ansvarlige aktører med vilje til samarbeid og respekt for ulikheter og uenighet, men også respekt for avgjørelser som faktisk er fattet.
3. Kirkemøtet ser at det kan være grunnlag for å arbeide videre med utredningens forslag til "Retningslinjer for behandling av lære- og ordningsspørsmål". Kirkemøtet vil be Kirkerådet i samarbeid med aktuelle organer arbeide videre med om, og på hvilken måte, det kan etableres nærmere plikter til samråd i reglene som regulerer de ulike kirkelige organers virksomhet.
4. Kirkemøtet anbefaler at det utarbeides en forkortet versjon av utredningen.

Protokolltilførsel til pkt. 2:

Gunnar Stålsett:

"Retningslinjemyndighetskonstruksjonene kan ikke brukes til å utvide Kirkemøtets mandat og myndighet utover det som er gitt i lov og forordning/delegering. Retningslinjemyndighet kan ikke brukes til å begrense andre kirkelige organers myndighet der dette ikke er hjemlet i lov og mandat for vedkommende organ."

Arne Grønningsæter og Sigurd Osberg sluttet seg til protokolltilførselen.

**SKRIFTFORSTÅELSE OG
SKRIFTBRUK MED SÆRLIG HENBLIKK
PÅ HOMOFILISAKEN**

Uttalelse fra Den norske kirkes lærenemnd
- Presentasjon

Ulla Schmidt, KIFO / Lærenemnda (fhv. fagl. sekr.)

Ulla Schmidt, KIFO

MUR 40/06 Vedlegg

Bakgrunn og oppdrag

- Nemndas definisjon av saken: begrepene ”skriffforståelse” og ”skriffbruk”
- Nemnda ”gir etter anmodning uttalelse i saker som gjelder den evang.-luth. lære
 - Primært søke mot felles uttalelse
 - Der det ikke er mulig, angi uenighet, argumentativt grunnlag for denne, og ”samtale” mellom argumenter

Tekstens ”grunnstruktur”

- **Utgangspunkt: Skriften og utfordringen i samtiden**
 - konkrete virkelighet vi forholder oss til,
 - grunnleggende syn på Skriften som norm, og prinsipper for forståelse av bibeltekster for kirkens liv i dag
- **Konkrete enkelttekster**
 - Utleggelse av tekstenes historiske ordlyd
- **Betydning i dag**
 - Gjennomtenkning av disse tekstenes betydning i dag, ut fra de grunnleggende fortolkningsprinsipper

Skriften som norm

- Grunnleggende syn på Skriften som norm
 - Skriften som norm som *troverdig vitnesbyrd om Guds åpenbaring* i Kristus
 - *Lov og evangelium* som forståelsesramme for å forstå Skriften som norm også på etikkens område
 - Skriften som norm i forhold til *innsikt gjennom andre kilder* (grunnleggende livs fenomener, erfaring, vitenskap)

Fortolkning av Skriften i kirken i dag

- *Fortolkning nødvendig og uunngåelig, de bibelske teksters og våre historiske, kulturelle, økonomiske, religiøse forutsetninger*
- Kristus som Skriftens sentrum, GT – NT, Skriftens klarhet

Utleggelse av enkelttekster

- Utleggelse av sentrale enkelttekster
 - 3 Mos 18,22; 20,13 (Hellighetsloven)
 - Rom 1,26–27; 1 Kor 6,9–11; 1 Tim 1,9–10
- I hovedtrekk enighet om historisk utlegning av disse tekstene
 - Avisende til homoseksuelle handlinger
 - At de ikke dreier seg om andre forhold (tempelprostitusjon, pederasti)
 - Sees i lys av bredere skriftmateriale om kjønnsdifferensiering, ekteskap, menighetsfellesskapets renhet uttrykkes også på seksuelle område
- Uenighet om
 - Homoseksualitet i gresk-romerske omverden

Hvordan kan Skriften forstås i dag m.h.p. spm. om homofilt samliv?

- Fire sentrale overveielser: tekstene i forhold til:
 - Jesu person, forkynnelse og eksempel
 - Skriftens overordnede bud og idealer, især nestekjærlighetsbudet
 - Kjønnsdifferensiering og skapelse
 - Menneskesyn og menneskeverd

Andre samlivsetiske spørsmål

- Gjensidig relevans mellom homofilis spørsmålet og andre samlivsetiske spørsmål
 - Se samlivsetiske felt som helhet,
 - Sikre konsistent skrifforståelse og skriftbruk
- Grunnleggende prinsipper for samlivsetiske overveielser
 - Personlige og individuelle side
 - Ordningmessige og institusjonelle side

Kirkens endring av syn i andre spørsmål. Relevante paralleller?

- Eks.: Kvinners stilling i menighet, familie og samfunn
- I dag avstand fra bibeltekstens patriarkalske ”grunnmønster”, tolkninger av enkeltteksters avvising av kvinners leder- og lærerposisjon i menigheten
- Spørsmål:
 - Endret som følge av åpning som allerede fins i Skriften
 - Endret som følge av at en i lys av egen samfunnskontekst får øye på betydningen av andre tekster, og nye implikasjoner av viktige motiver (f.eks. menneskets like verd)

Teologisk uenighet og kirkens enhet

- Tre ”typer” utfordringer av kirkens enhet
 - Læremessig/teologisk (iflg. CA)
 - Kirkerettslig (utmelding/nytt kirkesamfunn)
 - ”kirkesosiologisk” (selvstendige grupper innen kirken)
- Lærenemnda tar stilling til den første typen

Skriftforståelse og kirkenes enhet

- CA 7: "til sann enhet i kirken er det nok å være enig om evangeliets lære og om forvaltningen av sakramentene"
- Sammenheng mellom skriftforståelse og spm. om kirkenes enhet
- Spm.: Er den uenighet om skriftforståelse som er avdekket i uttalelsen et hinder for kirkenes enhet?

Skriftforståelse og kirkenes enhet

(forts.)

- Uenighet som ikke med nødvendighet truer kirkenes enhet
- Men ulike vurderinger av hvor alvorlig og belastende denne uenighet er
- Derfor også ansvar for alle parter å håndtere denne uenigheten

Votering:

Ragnhild Hellemo sitt forslag fikk 11 stemmer og falt.

Trond Skard Dokka sitt forslag fikk 8 stemmer og falt.

Vengen, Myklatun og Iversen sitt forslag fikk 19 stemmer og falt.

Tore Kopperud sitt forslag fikk 22 stemmer og falt.

Ole Gunnar Sæbøs forslag ble inntatt i komiteens forslag til vedtak.

Protokolltilførsel fra Claus H. Jebsen:

Stemmeforklaring:

Jeg gir min tilslutning til forslag til vedtak fra komite C i sak 8/97 som et uttrykk for ønske om at dialogen skal fortsette, selv om jeg i hovedsak er uenig.

seg glad for den dialog som pågår i Kirken, og ser det som viktig at forholdene legges til rette for at denne dialogen kan bli ført videre i større bredde.

Enstemmig vedtatt.

3. Kirkemøtet finner at personer som lever i homofilt samliv ikke kan inneha kirkelig tjeneste som vigslet prest, diakon eller kateket.

Enstemmig vedtatt.

4. Kirkemøtet ber biskopene i sin embetsutøvelse og forvaltningsorganene i sin tilsettingspraksis legge disse synspunkt til grunn.

Vedtatt mot 1 stemme.

5. Også når det gjelder øvrige kirkelige stillinger som i hovedsak har forkynnende, undervisende og/eller liturgiske funksjoner, vil Kirkemøtet anbefale at ansettende organer legger foran nevnte hovedsynspunkt til grunn.

Kirkemøtet slutter seg videre til Bispemøtets forståelse for at tilsettingsaker "kan arte seg forskjellig ut fra de lokale forhold og at spørsmålet om tillit og om enhet eller en mulig splittelse i de respektive miljøer kan bedømmes ulikt fra sted til sted".

Vedtatt mot 8 stemmer.

6. Kirkemøtet legger til grunn at Den norske kirke er et trossamfunn og må kunne bygge på nåværende praksis uten å komme i konflikt med gjeldende lovverk innen arbeids- eller forvaltningsrett.

Enstemmig vedtatt.

KIRKEMØTET'S VEDTAK

1. Kirkemøtet viser til sitt vedtak i sak 15/95 punkt 1: "Kirkemøtet finner ikke at det er gitt tilstrekkelig overbevisende teologiske grunner for at Den norske kirke kan endre sin nåværende praksis med hensyn til tilsetting av personer som lever i homofilt samliv." Bispemøtet har tatt konsekvensen av dette ved å si at "Kirken gjennom sine besluttede organer har tatt et standpunkt som er å betrakte som Kirkens offisielle syn, i den forstand at dette legges til grunn for kirkens felles ordninger".

Enstemmig vedtatt.

2. Kirkemøtet erkjenner at det er ulike syn i Kirken på dette spørsmålet, og ber om at det blir utvist respekt for meningsforskjeller. Kirkemøtet sier

